

**Tabell for vurdering av søknadar til Nkom si støtteordning, Sogn og Fjordane 2018.**

Tabell frå 2017 ligg under, med kommentar knytt til utforming av ny tabell, samt

<b>Evalueringskriterium</b>	<b>Vurderingselement Poeng skala 1-5</b>	<b>Vekting 2018 (prioritering mellom evalueringskriterium)</b>
Betring av dårlegaste breibandtilbod. Prosent aksessar i søknaden med dekning mellom 0 – 10 Mbit/s som får auka hastigheit.	Prosent nye aksessar som var under 10 Mbit/s som får auka kapasitet. (Krav frå Nkom om minimum 50% av midlane skal gå til desse aksessane):  1 poeng = under 40% 2 poeng = 40-49% 3 poeng = 50-59% 4 poeng = 60-69% 5 poeng = 70% og over	40%
Betring av middels breibandtilbod. Prosent aksessar i søknaden med dekning mellom 10 – 30 Mbit/s som får auka hastigheit.	Prosent nye aksessar som var mellom 10 og 30 Mbit/s som får auka kapasitet:  1 poeng = under 40% 2 poeng = 40-49% 3 poeng = 50-59% 4 poeng = 60-69% 5 poeng = 70% og over	15%
Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelete prosjekt.	Best moglege utnytting av tilgjengelege midlar, dvs. søkt «statleg støtte» pr. aksess. (Vurdering basert på erfaringstal frå tidlegare år): 1 poeng = over 25 000,- 2 poeng = 20 – 25 000,- 3 poeng = 17-19 999,- 4 poeng = 14-16 999,- 5 poeng = under 14 000,-	25%
Lokal medfinansiering	Lokal medfinansiering i %. (Vurdering basert på erfaringstal frå tidlegare år. Krav frå Nkom minimum 25% samla i Sogn og Fjordane).  1 poeng = opp til 15% 2 poeng = 15-24% 3 poeng= 25-34% 4 poeng= 35-45% 5 poeng= over 45%	20%

Tabellen for 2018 er tilpassa den nye ordninga der tal husstandar under 10 Mbit/s og lokal medfinansiering på minst 25% utgjør hovudelementa i kriteria frå Nkom. Kriteria «kostnadseffektiv utbygging» og utforming av vurderingselement knytt til kriteriet er basert på erfaringstal frå tidlegare års søknadar og prosjekt.

**Tidlegare års kriterium og tidlegare års evalueringskriterium, vurderingselement og vektning:**

<b>Evalueringskriterium</b>	<b>Vurderingselement</b>	<b>Vekting 2018</b>
Tal husstandar som får eit tilbod om breiband med grunnleggjande god kvalitet	Tal nye aksessar og relativ auke i dekning	30%
Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt	<ul style="list-style-type: none"><li>- Best moglege utnytting av tilgjengelege midlar</li><li>- Investeringskostnad pr. aksess</li><li>- Tilgang til eksisterande infrastruktur som grøfter, stolpar, punkt, etc.</li></ul>	25%
Lokal medfinansiering	Lokal medfinansiering sett i forhold til tal aktuelle brukarar/kundar	20%
Plan for berekraftig drift etter at utbygging er gjennomført	Sannsynlegheit for at breibandstilbodet kan oppretthaldast og vidareutviklast	15%
Betring av eksisterande breibandstilbod	Tal aksessar som får auka kapasitet og kor stor kapasitetsauken er	5%
Betyding for lokal samfunnsutvikling, verdiskaping og attraktivitet for innbyggjarar, næringsliv og besøkande	<ul style="list-style-type: none"><li>- Samfunnsgevinsten som vert utløyst av breibandutbygginga</li><li>- Konkrete døme på betyding for lokal næringsutvikling</li><li>- Betring i mobildekning</li></ul>	5%